

Arbeidsplan Jøsneset helselag 2025

- **Årsmøte 4.mars.** I tillegg til årsmøtesaker vert det turtips med turentusiast Arne Ove Skogly som driv nettstaden <https://turanbefalinger.com/>
Trekning og premiering av alle turpostbøkene til helselaget.
- **Strikkekveldar.** Tre samlingar våren 2025. 21.januar, 18.februar og 18.mars. Ellen Mari har ansvar for opplegget og for å sette opp nye datoar til hausten.
- **Folkehelseveka 5.-11. mai** «Hopp for hjartet» for 4.-7. klasse kor skulane sjølv melder på klassar. Helselaget besøker påmeldte klassar på Hjelmeland barneskule med frukt og heiarop. I år invitere med Strandbuen for litt ekstra omtale pga 20 års jubileum for aksjonen.
- **Hjartemarsj i folkehelseveka.** Skiftundalen rundt med quiz. Dato vert kunngjort seinare.
- **Hardhausen 2025 – 1.pinsedag 8.juni** med felles arrangement på Fosstemmen
- **Seniorane**
- **20.mars seniorlunsj (60+) på Grendahuset kl 12-14.** Astrid F. Viga kjem for å fortelja om historia til Mikals Laks gjennom 25 år.
- **5.juni seniortur med buss til Jelsa.** Lunsj på Jelsa Hotell og omvisning i Jelsa Kyrkje. På vegen bort ein stopp på den nye dagsturhytta på Kvilehaugen på Jelsa.
- **Demensaksjonen 2025** – vert arrangert med bøsseinnsamling i tilknytning til den internasjonale alzheimerdagen 21.september. Målet med årets aksjon er å skape eit meir demensvennlig samfunn.
- **Blomar til jul.** Ei julehelsing til alle over 80 år på Jøsneset, medlemmer over 80 år på Randøy og Jøsnesbuar på omsorgsentra.
- **Turpostar m/bøker.** Vedlikehald av turstiane og byting av bøker på helselaget sine 10 turpostar ved hjelp av tursti-fadrar. På årsmøtet vert det trekking i alle bøkene med premiering.
- **Informasjonsbrosjyre.** Infoskriv vert laga vår og haust og delt ut i alle postkassar i bygda, og sendt til medlemmer utanom Jøsneset
- **Hjartestartaren på branngarasjen.** Helselaget har ansvar for tilsyn og oppdatering av hjartestartaren ved helselaget sin gode hjelpar Thomas Tjeltveit.